

Fra: Sverre Solberg
Sendt: 15. juli 2014 15:27
Til: Steinar Hunskår
Kopi: Inger Opheim Hindenes
Emne: SV: Matrikkelen gnr 147 - Søre Juvika - Sellevoll

Hei Steinar !

Vedkomande sak 2014/1662. Felles opplagsplass i Søre Juvika på Sellevoll.

Er komen att etter nesten 4 veker på ferie !

Skal prøva svara litt på dine spørsmål på e-post, litt lengre nede på arket.

1. Det ser ut iflg. Skiftekartet på Sellevoll, at vegen i alle fall går ned til felles opplagsplass.
(Skal scanna oppforstørra del av skiftekartet som syner dette i ei separat e-postsending til deg.)
Ellers får du sjå i utskiftningane over garde, kva som står om veg-/gangveg-rettar.
Det har vore både utskiftning og overutskiftning på Sellevoll !
2. Sjå utskiftningar og skiftekartet på Sellevoll m.h.t. kven/kor det einskilde bruk har sine vegrettar.
3. Ein eigedomsrett fortel berre kven som eig grunnen.
Ein vegrett, er ein servitutt som ligg på ein eller fleire eigedomar.
Matrikkelen helt ikkje styr på servituttane. Dei ligg der til dei vert avlyste. (D.v.s. at dei som har rettane skriv dei frå seg og at denne avtalen vart tinglyst.)
Desse finn ein i utskiftningar, skyldskifter og i einskilde tilfeller i separate vegavtalar som vert inngått mellom partar i ettertid og som regel tinglyst.
4. NEI. Her vert dei ikkje sett ned nokon offentlege grensemerker i denne omgang ! (Det er ikkje rekvidert noko som krev protokoll eller endringar frå tidlegare tinglyste og setla grenser i området.)
Dette er berre oppretting av faktiske manglar i Matrikkelen. Ein felles opplagsplass for nokre av hovudbruka på Sellevoll var ikkje komen inn i registeret. Den er no innmålt. 3 stk. krossar i fjell og 1 i jordfast stein i grenselinjene rundt parsellen. I tillegg til 2 stk. krossar i fjell inne på sjølve opplagsplassen. Dei 2 sistnemnde, er ikkje komen inn i Matrikkelen fordi dei ikkje ligg i eigedoms grenselinjer. Berre "servitutt-krossar" som fortel noko om naustplasseringane inne på felles opplagsplass. Sjå overutskiftninga på Sellevoll, for meir informasjon !

Vonar dette var litt oppklarande.

Elles får du ta kontakt om det er noko meir du lura på i denne saka !

Mvh.

Sverre Solberg.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Steinar.Hunskar@igs.uib.no [<mailto:Steinar.Hunskar@igs.uib.no>]

Sendt: 19. juni 2014 10:28

Til: Sverre Solberg

Kopi: Margun Sellevoll; Steinar Hunskår

Emne: Matrikkelen gnr 147 - Søre Juvika - Sellevoll

Lindås kommune

Sverre Solberg

Takk for tilsendt materiale som bakgrunn for ajourføring av matrikkelen for opplagsplassen i Søre Juvika.

Vi må berre innrømme at dei tre siste frådelingane var heilt ukjente for oss og at den resten av bruk 8 som vi trudde låg att, ikkje eksisterer.

Vi har har eit par spørsmål som vi håpar du kan svare på:

- Det er litt uklart for oss om den 2,5 m breie kanalen går heilt til sjøen eller ikkje

- Kva rettar har da bruk 8 for tilgang til sjøen i Søre Juvika?

- Når bruk 8 har selt "alt" land rund opplagsplassen, korleis har da bruk 1-4-9 (og også 5 og 6) tilgang til nausttomtene og den felles opplagsplassen. Kor er tilkomsten omtalt??

- I forbindelse med den aktuelle saka, vil det bli gjort skikkeleg oppmerking av opplagsplassen med grenseboltar?

Venleg helsing

Steinar Hunskår og Margun Sellevoll